



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Formannskap

**Møtested:** Einevarden, 3. etg.

**Møtedato:** 11.12.2014

**Tidspunkt:** 12:00 – 12:50

**Til behandling:** Saksliste nr. 111/14 - 116/14

#### Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)  
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)  
FRP - Hogne Bleie (Medlem)  
SP - Asgeir Solheim (Medlem)  
V - Marit Sætren (Medlem)  
KRF - Dag Almenning (Medlem)  
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)  
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

#### Varamedlemmer:

H - Anett Berg (Varamedlem)

#### Forfall:

AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)

Av 9 medlemmer møtte: 8. Totalt frammøtte: 9.

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, kommunalsjef Ove Aksnes, kommunalsjef Jeanette Jensen og tjenesteleder plan & utvikling, Janne Midtbø.

Måløy, 11.12.2014

Morten A. Hagen  
ordfører

Irene Sivertsen  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
111/14	Godkjenning av møteprotokoll	
112/14	Referatsaker	
113/14	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø	
114/14	Tegning av kapital i arrangørselskap - Cruise in Company - Tall Ship Races 2015.	
115/14	Overbygd handlegate i Måløy - Aksept av invilga tilskot fr Sogn og Fjordane fylkeskommune.	
116/14	Investeringstilskot Fiskerihistorisk kunnskapssenter	

### Fremtidig kommunestruktur:

Rådmann Knut Ove Leite og ordfører Morten A. Hagen orienterte.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	11.12.2014	111/14

<b>Endelig vedtak i:</b> Formannskap	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/1459	<b>Saksansvarlig:</b> Linda Alice Myhre Larsen
---	--------------------------------	---

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 11.12.2014 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-1111/14

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 27.11.2014 ligger i Politikerportalen og på kommunens hjemmeside.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	11.12.2014	112/14

<b>Endelig vedtak i:</b> Formannskap	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/1458	<b>Saksansvarlig:</b> Linda Alice Myhre Larsen
---	--------------------------------	---

## Referatsaker

### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### 11.12.2014 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ordfører Morten A. Hagen og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-112/14

#### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## Liste over dokumenter til orientering:

1. Politisk sak vedkomande EVS-prosjektet til formannskapsmøtet 27.11.2014
2. Møtebok Nordfjordrådet 02.12.2014



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	11.12.2014	113/14

<b>Endelig vedtak i:</b> Formannskapet	<b>Arkivsaknr.:</b> 13/398	<b>Saksansvarlig:</b> Finnur Smari Kristinsson
---	-------------------------------	---

## Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø

### Rådmannens innstilling

Vågsøy kommune opprettheld utsendt gebyrkrav på kr. 12.000,- i sak 13/398, faktura 81315713. Klagen vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

### 27.11.2014 Formannskap

#### Møtebehandling:

Formannskapet diskuterte saken.

Venstre v/repr. Edvard Iversen fremmet følgende utsettingsforslag:

«Formannskapet ber om at saken utsettes. Formannskapet ber rådmann ta saken opp til ny vurdering og se på konsekvenser i lignende saker.»

#### Votering

Formannskapet voterte over utsettingsforslaget fra Venstre v/repr. Edvard Iversen. Utsettingsforslaget enstemmig vedtatt.

F-104/14

#### Vedtak:

Formannskapet ber om at saken utsettes. Formannskapet ber rådmann ta saken opp til ny vurdering og se på konsekvenser i lignende saker.

### Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova

Forvaltningslova

Arealdelen til Kommuneplanen 2002-2014

Hamne- og farvasslova

Naturmangfaldlova

Statlege planretningsliner

## Bakgrunn for saka

Familien Humborstad søkte om løyve til eit mindre tiltak i strandsona. I arealdelen til kommuneplanen er dette eit LNF- område. Søknaden kravde difor uttale frå miljøvernavingdelinga til Fylkesmannen før handsaming i kommunen. Miljøvernavingdelinga til Fylkesmannen hadde ikkje merknader til tiltaket (dei svarte ikkje på oversendinga til kommunen).

Dispensasjon og løyve vart gitt 16.01.2014 og deretter sendte kommunen ut ein faktura i samsvar med gebyrregulativet for 2013, fordi søknaden var datert dette året.

Søkjar klagar på avslag på søknad om reduksjon av storleiken til fakturaen.

## Saksopplysningar / fakta

Dispensasjon og byggjeløyve er datert 16.01.2014. Saman med løyvet vart det sendt med orientering om klagerett.

Kommunen sendte ein faktura på kr 12.000,- etter gebyrregulativet frå 2013.

Søkjar klagar på storleiken på fakturaen i brev datert 23.02.2013. Årstalet må vere feil og skal vere 2014. Kommunen oppfattar dette brevet som ein søknad om fritak/reduksjon i gebyret.

### Om klage eller søknad om fritak/reduksjon på gebyr

Det avgjerande for om det er klagerett på gebyr eller ikkje, er om det er tale om eit enkeltvedtak – ei sjølvstendig avgjerd. Der storleiken på gebyret følgjer «automatisk» av faste satsar frå standardisert regulativ, eller ei heilt mekanisk utrekning ut frå standardsatsar i regulativ, er det ikkje tale om avgjerd. Det er då ikkje eit enkeltvedtak, og det er ikkje klagerett.

Motsett dersom utmålinga av gebyret krev skjønns/sjølvstendig sakshandsaming: I tilfelle der vedtak om gebyrfastsetting m.a. er eit resultat av individuell vurdering ovanfor den einskilde gebyrpliktige, vil det derimot vere eit enkeltvedtak som kan påklagast etter fvl § 28 første ledd, jf også pkt 2 d) i Lovavdelinga sin uttale frå 1989. Det same gjeld dersom gebyrforskrifta gir forvaltninga heimel til av eige tiltak å nedsette eller frita frå gebyret ut frå ei vurdering av kva som er rimeleg storleik på gebyret.

Gjeldande gebyrregulativ har ikkje føresegner om lemping/fritak på grunn av «klart urimelege gebyr».

I førearbeida til lova er det såleis sagt at det ikkje er klagerett på sjølve gebyret. Dersom nokon derimot søker om fritak/reduksjon, må kommunen alltid ta stilling til ein slik søknad. Forenkla sagt er det ikkje høve til å klage på at det er gjeve gebyr, men ein kan søkje om fritak. Dersom kommunen etter ei konkret vurdering kjem til at det ikkje er grunnlag for å gje fritak, er det rett til å klage på avslaget:

*NOU 2005:12 Mer effektiv bygningslovgivning II, punkt 27.4.7 Klage over gebyr*  
*Fastsettelse av det kommunale gebyrregulativet følger reglene i forvaltningsloven §§ 37-39 om fastsettelse av forskrifter. Den enkelte gebyrfastsettelse kan ikke påklages, men det er mulig å søke om nedsettelse av gebyret. Kommunens standpunkt til denne søknaden blir å regne som et enkeltvedtak i forvaltningslovens forstand, jf. § 2 første ledd b), og kan påklages. Departementet er klageinstans, men myndigheten er delegert til fylkesmannen.*

Forvaltningslova har reglar for handsaming av klager som er innkomne etter at klagefristen er gått ut.

§ 31.(oversitting av klagefristen).

Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram

a)parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b)det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.

Søknaden om fritak/reduksjon i gebyret vart handsama i brev frå kommunen datert 17.03.2014. Kommunen avviser fritak/reduksjon med grunngjeving i at godkjent gebyrregulativ må følgjast og at sakshandsamar ikkje kan fråvike dette. Som vedlegg til dette enkeltvedtaket vart det lagt ved orientering om høve til å klage.

7. juli 2014 mottar kommunen klage på vedtaket av 17.03.

Klage på avslag på søknad om fritak/reduksjon i gebyret vart lagt fram for Formannskapet i møte 11.09.2014 i sak 072/14. Klaga vart då avvist på grunn av at var innsendt etter at fristen for å klage var gått ut. Vedtaket vart ved ein feil sendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

### **Vurdering / konsekvensar.**

Det viser seg i ettertid at det har vort kontakt mellom sækjar, rådmann og ordfører i saka. Rådmannen har stadfesta dette skriftleg i brev datert 17.09.2014. Sakshandsamar i kommunen saman med tenesteleiar er og gjort kjent med dette i epost av 18.09. Grunnlaget for å avslå klagen fordi den kom for seint inn er difor ikkje rett, men det var ikkje kjent på det tidspunktet saka vart lagt fram for formannskapet (11.09.2014 ).

Sjølv om sækjar har sendt inn klage for seint i forhold til klagefristen vert likevel klagen lagt fram for handsaming. Klagen kan takast opp til handsaming dersom det av særlege grunnar er rimeleg at klagen vert prøvd eller om parten ikkje kan lastast for å ha sendt inn for sein klage. Med bakgrunn i at det er avtalt at kommunen skulle handsame klage på avslag om fritak/reduksjon i gebyret vert det gitt fristoppreisning, jf. fvl. § 31.

Klage datert 23.02.14 er oppfatta som søknad om fritak/reduksjon av gebyret. Vedtaket 17.03.2014, der kommunen opprettheld gebyrkravet vert påklagd i klage datert 07.07.2014. Bakgrunnen for klagen er at storleiken på gebyret er urimeleg høgt for eit lite tiltak, samt at sækjar ikkje fekk opplyst at saka måtte til fylkesmannen for uttale. Sækjar viser og til at storleiken på gebyret straffar dei som sækjer medan andre aldri sækjer.

### **Vurdering av klage på avslag om fritak/reduksjon i storleiken på gebyr:**

Storleiken på gebyret er ikkje avhengig av storleiken på tiltaket, men av sakstypen og krav til sakshandsaming. Det er ikkje standard rutine å sende brev om kva gebyr kommunen krev for handsaming av søknaden. Sækjar har heller ikkje retta spørsmål til kommunen om kva kostnaden for søknaden var. Dersom sækjar hadde stilt dette spørsmålet før han søkte eller i søknaden ville kommunen opplyst kva gebyret var. På nettsidene til kommunen ligg gjeldande gebyrregulativ, både under «Informasjon» på startside til kommunen og under artikkelen «Prosessene i bygge- og delingssaker». I løyvet er det vist til at søknadspåkravet vert gebyrlagt i samsvar med gebyrregulativet. Gebyrregulativet er kvart år lagt ut til offentleg ettersyn og vert vedteke årleg. Gebyra er ikkje utforma for å straffe dei som sækjer. Storleiken på gebyret er berekna ut frå kva gjennomsnittleg tidsbruk det er ved handsaming

av ulike saker. I denne saka er det ikkje gått med mindre tid enn det som er lagt til grunn for gebyrstorleiken. Grunnlaget for handsaming av ein søknad om dispensasjon som skal på høyring er ein gjennomsnittleg tidsbruk på om lag 15 timar. Tidsbruken i denne saka er langt over 15 timar.

Byggesak utfylling 1,0 STK kr. 2 600,00

Dispensasjonssøknad på høyring 1,0 STK kr. 9 400,00

Klage på/ søknad om reduksjon i gebyr blir utifrå denne samla vurderinga avslått.

### **Nye dokument**

Etter at kommunen fekk brev frå fylkesmannen datert 24.09.2014 ref. 2014/3476-331.4 har søkjar kome med nytt innspel/ klage som er vedlagt til orientering. Ny klage er datert 8. oktober 2014.

Klagen er ein gjennomgang av saka, og det er vedlagt kopi av e-postar til fleire involverte partar datert 09.10. som m.a. fylkesmannen har stadfesta er mottatt og journalført. Klagen er ein klage på vedtaket formannskapet gjorde i møte den 11.09.2014. Det vert i klagen vist til dei to tidlegare klagene. Ny klage grunngir kvifor søkjar ikkje klaga innan fristen. I brevet vert det uttalt at kommunen ved rådmann og ordfører har uttalt at dei ikkje skulle klage på vedtaket kommunen gjorde i brev datert 17.03.2014. Klagen kjem ikkje med nye argument for fritak eller reduksjon i storleiken på gebyret.

#### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
153292	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø
110949	Søknad om utfylling til flomål gbnr: 101/3
110950	Tillatelse fra Nordfjord Havn
110951	Bilder
120021	Tiltak gbnr: 101/3 - Utfylling i sjø. Nye opplysninger
129980	Tillatelse til tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø
132423	Faktura for tillatelse til tiltak gbnr 101/3
133120	Klage byggesak strandlinje.doc
135011	Klage på faktura 81315713 Byggesaksbehandling - Avslag
144516	Klage på gebyr ved byggesak - gbnr. 101/3
144634	Klage på gebyr ved byggesak på gbnr. 101/3
147806	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
148413	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø, klage på storleik på gebyr, oversending til fylkesmannen for endeleg avgjerd
148431	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
148914	Vågsøy kommune - klage på gebyr for handsaming av tiltak på gbnr 101/3
149955	Klage på avslag på søknad om redusert gebyr for tiltak på gbnr 101/3
149957	Diverse e-post korrespondanse med fylkesmann og kommune.

### **Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
1	I	22.02.2013	Nordfjord Havn IKS	Tillatelse til tiltak gbnr: 101/3 - Utfylling til badestrand
2	U	28.02.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - utfylling til badestrand
3	U	03.04.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - utfylling til badestrand. Avslag
4	I	08.05.2013	Ole Petter Humborstad	Søknad om utfylling til flomål gbnr: 101/3
5	I	18.08.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - Utfylling i sjø. Nye opplysninger
6	U	20.08.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Miljøvernavdelinga	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø. Anmodning om høringsuttalelse.
7	U	20.08.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø - Utvidet søknad



8	U	05.12.2013	Ole Petter Humborstad	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø - Anmodning om tilleggsopplysninger
10	U	31.12.2013	Ole Petter Humborstad	Faktura for tillatelse til tiltak gbnr 101/3
9	U	16.01.2014	Ole Petter Humborstad	Tillatelse til tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø
11	I	23.02.2014	Ole Petter Humborstad	Klage på gebyr ved byggesak, gbnr 101/3
12	U	17.03.2014	Ole Petter Humborstad	Klage på faktura 81315713 Byggesaksbehandling - Avslag
22	I	17.04.2014	Ole Petter Humborstad	Nabovarsel tiltak gbnr 101/3 - mindre utfylling i sjø
13	I	07.07.2014	Randi Humborstad	Klage på gebyr ved byggesak - gbnr. 101/3
15	U	09.07.2014	Randi Humborstad	Foreløpig svar på klage datert 07.07.2014 på gebyr ved byggesak - gbnr. 101/3
16	U	17.09.2014	Randi Humborstad	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
17	U	18.09.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tiltak gbnr: 101/3 - Mindre utfylling i sjø, klage på storleik på gebyr, oversending til fylkesmannen for endeleg avgjerd
18	I	18.09.2014	Randi Humborstad	Vedr. henvendelse på saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
19	I	18.09.2014	Randi Humborstad	Henvendelse vedr. saksutredning i sak 66/14 i formannskapet
20	I	24.09.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Vågsøy kommune - klage på gebyr for handsaming av tiltak på gbnr 101/3
21	I	08.10.2014	Randi Humborstad	Klage på avslag på søknad om redusert gebyr for tiltak på gbnr 101/3

## Nye opplysninger i saken

### NY KONSEKVENSVURDERING – 05.12.2014

Kommunen har ikke mange dispensasjonssaker som sendes Fylkesmannen på høring i løpet av et år. De fleste dispensasjonssaker avgjøres ved delegert myndighet fordi:

- naboer samtykker i tiltaket
- PBL åpner i § 29-4. *Byggverkets plassering, høyde og avstand fra nabogrense* for muligheten til at kommunen kan avgjøre

I kommunens gebyrregulativ, som ligger tilgjengelig på nettsiden vil kostnader komme frem også for dispensasjonsbehandling. Vi viser til kap.17.5 side 29. (Kapittel 16 og 17 gebyrer vedrørende plan og utvikling).

De fleste gebyrer er basert på et gjennomsnittlig vurdert tidsbruk og timepris kr 750,-

Formannskapet / Kommunestyret har tidligere vedtatt at Teknisk sektor skal faktureres etter selvkostprinsippet, og i den forbindelse er gebyrene justert mer enn ordinært for enkelte poster.

#### En vanlig søknad :

En søknad er sjelden komplett.

Dette betyr at kommunen får ekstraarbeid med å innhente nye opplysninger

Har tiltaket avvik fra PBL eller plan må det søkes dispensasjon.

En dispensasjonssøknad skal begrunnes, men gjøres sjelden korrekt.

Nye opplysninger må innhentes.  
Når dette er mottatt kan søknaden behandles.

### **En søknad med dispensasjon som må på høring :**

Normalt er det søknader i LNF- områder eller i strandsoner som må på høring hos Fylkesmannen.

Det er ikke tilstrekkelig å sende over en kopi av søknad, men vi må skrive en saksutredning hvor kommunens standpunkt i saken kommer frem.

I den forbindelse følger vi rundskrivet fra Fylkesmannen - *Handsaming av dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova* datert 23.04.2012. Det tar noe tid å utarbeide dette dokumentet.

Deretter ny saksframstilling for Formannskapet, og det er ikke uvanlig at slike saker påklages til Fylkesmannen. Alt dette medfører en god del ekstra arbeid for saksbehandler, og med et vedtatt prinsipp om selvkost, blir dette kostbart.

Det vil påløpe ytterligere kostnader hvis saksbehandler skal varsle tiltakshaver om eventuelle kostnader i forkant av at saken sendes Fylkesmannen. Dette må skje skriftlig grunnet dokumentasjon ved en eventuelt senere konflikt.

Vågsøy kommune fakturerer fra kr 2.640,- til kr 4.730,- for en vanlig dispensasjonsbehandling ved delegert myndighet, kr 10.340,- hvis saken skal på høring. De andre Nordfjord kommunene har stort sett samme gebyr for vanlig dispensasjonsbehandling men noe lavere ved høringsbehandling. Større kommuner ligger vesentlig over vårt gebyr.

En endring av gebyrstørrelsen bør skje ved behandling av regulativet for 2015.

En eventuell ettergivelse i denne konkrete saken kan ikke imøtekommes. Det blir vist til vurdering i saksutgreiingen. Dersom denne klagen blir imøtekommet må alle tidligere fakturerte saker få samme behandling og betalt beløp må refunderes. Det er ikke tilsvarende klagesaker under behandling i kommunen. Det har heller ikke vært tilsvarende saker siden 2005.

Vi anbefaler at kravet opprettholdes og at klagen avvises.

### **Innstilling til vedtak:**

Vågsøy kommune opprettheld utsendt gebyrkrav på kr. 12.000,- i sak 13/398, faktura 81315713. Klagen vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.

## **11.12.2014 Formannskap**

### **Møtebehandling:**

Ordfører Morten A. Hagen og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

H v/repr. Anett Berg fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:

«Halvere gebyret i bakgrunn av manglende informasjon rundt kostnadene for saksbehandling».

## **Votering**

Rådmannens innstilling ble votert alternativt over endringsforslaget fra repr. Berg.  
Rådmannens innstilling ble vedtatt mot 4 stemmer.

F-113/14

**Vedtak:**

Vågsøy kommune opprettheld utsendt gebyrkrav på kr. 12.000,- i sak 13/398, faktura 81315713. Klagen vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjerd.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	11.12.2014	114/14
Kommunestyre	11.12.2014	

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 14/1227	Saksansvarlig: Knut Ove Leite
------------------------------------	-------------------------	----------------------------------

### Tegning av kapital i arrangørselskap - Cruise in Company - Tall Ship Races 2015.

#### Rådmannens innstilling

Vågsøy kommune går inn i et nytt aksjeselskap med formål å arrangere Cruise in Company 2015. Selskapet sin aksjekapital settes til 30.000 og kommunen tegner seg for 10.000. Beløpet dekkes over post til formannskapets nærmere disposisjon og overføres til nytt investeringsprosjekt opprettet til formålet.

Kommunestyret forutsetter at andre aktører binder seg for restkapital i selskapet.

Selskapet stiftes med dette som formål og forutsettes oppløst i etterkant av arrangementet.

#### 11.12.2014 Formannskap

##### Møtebehandling:

Ordfører Morten A. Hagen orienterte.

##### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-114/14

##### Vedtak:

Vågsøy kommune går inn i et nytt aksjeselskap med formål å arrangere Cruise in Company 2015. Selskapet sin aksjekapital settes til 30.000 og kommunen tegner seg for 10.000. Beløpet dekkes over post til formannskapets nærmere disposisjon og overføres til nytt investeringsprosjekt opprettet til formålet.

Kommunestyret forutsetter at andre aktører binder seg for restkapital i selskapet.

Selskapet stiftes med dette som formål og forutsettes oppløst i etterkant av arrangementet.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Aksjelova, kommunelova. Økonomireglement. Delegasjonsreglement.

### Bakgrunn for saken

Formannskapet har tidligere diskutert og sagt seg positiv til å be om å bli Cruise in Company Havn i 2015 i forbindelse med Tall Ship Races er lagt til Ålesund.

Formannskapet gjorde slikt vedtak i sak 91/14:

«Formannskapet er positive og ønsker at Måløy skal være cruise in company havn i 2015. Administrasjonen signaliserer dette til Ålesund og leiter fram info fra tidligere arrangement. Ordføreren arbeider videre med konkret organisering av arbeidet og aktuelle deltakere fra lag/organisasjoner og enkeltpersoner.

Formannskapet ber administrasjonen ta høyde for dette i budsjett 2015.»

Korrespondanse mellom Ålesund og Vågsøy kommuner ligger ved.

### Saksopplysninger / fakta

Ordføreren har arbeidet videre med saken, og det er enighet med diverse næringslivsaktører å danne et aksjeselskap som skal stå for arrangementet.

Krav til minimumskapital i et aksjeselskap er 30.000. Ettersom rådmannen har forstått det, skal arrangementet ikke innebære kostnader, men være selvfinansierende. Det er derfor nok å stifte selskapet med minimumskapital. Drifta vil så gå i balanse. Risiko avgrenses til aksjekapitalen. Denne vil da også dekke avviklingskostnader med selskapet.

Selskapet begrensede oppgave tilsier at det ikke er nødvendig med egen revisjon, og at kostnader med selskapsdriften ellers blir beskjedne.

Det er så langt ikke foretatt valg av havner til formålet, men Vågsøy er så langt den eneste som har meldt seg på Nord-Vestlandet, og skulle slik sett være i posisjon til å være en av havnene som får seg tildelt besøk av seilskutene.

### Vurdering / konsekvenser

Det skal være flere aksjonærer i selskapet, og det foreslås at kommunen går inn med 10.000.

Det foreslås at dette blir tatt i fra posten for utgifter etter formannskapets nærmere bestemmelse. Der er det ikke ført utgifter i 2014.

Stiftelse av et aksjeselskap er å se på som en investering, og det må derfor gjøres en postering med overføring fra drifts- til investeringsbudsjettet, og det må opprettes et investeringsansvar på formålet.

Etter kommunelovens §62 er det kommunestyret alene som har fullmakt til å opprette kommunale foretak/selskaper. Det er derfor lagt opp til at saken avgjøres av kommunestyret.

Vedlegg:

Dok.nr

150853

150963

150964

Tittel på vedlegg

Tilbakemelding på forespørsel fra The Tall Ships Races 2015 - Cruise in Company havn mellom Ålesund og Kristiansand

Tilbakemelding om ønsket informasjon fra Vågsøy kommune som Cruise in Company havn

Cruise in Company Ålesund 2015.pdf

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
		04.08.2014	Vågsøy kommune v/ordfører	
		14.10.2014	Tall ships Races Ålesund	
		21.10.2014	Nordfjord Havn IKS	
		21.10.2014	Tall ships Races Ålesund	



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	11.12.2014	
Formannskap	11.12.2014	115/14

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/435	<b>Saksansvarleg:</b> Knut Ove Leite
---	-------------------------------	---

### Overbygd handlegate i Måløy - Aksept av invilga tilskot fr Sogn og Fjordane fylkeskommune.

#### Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommunestyre aksepterer det tildelte tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr. 1.719.000 til realisering av prosjektet Overdekket møteplass og handlegate i Måløy.
2. Kommunen går inn i prosjektet med 2,4 mill i tråd med vedlagde intensjonsavtale. Brunsvik/Lefdal tek ansvar for realisering av prosjektet og restfinansieringa no sett til 5.8 mill.
3. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne ein endeleg utbyggingsavtale basert på pkt 1 og 2 når det er avklart frå Lefdal AS og Brunsvik EFTF at prosjektet blir realisert.

#### 11.12.2014 Formannskap

##### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite og ordfører Morten A. Hagen orienterte.

##### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-115/14

##### Vedtak:

1. Vågsøy kommunestyre aksepterer det tildelte tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr. 1.719.000 til realisering av prosjektet Overdekket møteplass og handlegate i Måløy.
2. Kommunen går inn i prosjektet med 2,4 mill i tråd med vedlagde intensjonsavtale. Brunsvik/Lefdal tek ansvar for realisering av prosjektet og restfinansieringa no sett til 5.8 mill.
3. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne ein endeleg utbyggingsavtale basert på pkt 1 og 2 når det er avklart frå Lefdal AS og Brunsvik EFTF at prosjektet blir realisert.

#### Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova, kommunelova, økonomireglementet, sentrumsplanen.

## **Bakgrunn for saka**

Kommunen har søkt Sogn og Fjordane Fylkeskommune om tilskot til overbygd handlegate saman med Brunsvik/Lefdal. Det er utarbeidd ein avtale med desse om gjennomføring av prosjektet. Søknad og tilsagnsbrev ligg ved. I tråd med vilkår knytt til tilskotsordninga, er kommunen prosjekteigar.

Kommunen sitt bidrag på 2,4 mill er innarbeidd i budsjettet for 2015.

Kommunen har frist til 15.12.2014 med å gje positiv tilbakemelding på om ein aksepterer tilskotet på dei vilkår som er sett.

## **Saksopplysningar / fakta**

Kommunen søkte med brev dagsett 23.03.14 om kr. 2,4 mill i tilskot for opparbeiding av ei overbygd handlegate i «Sjøgata» tilknytt Brunsvik og Lefdal sine eigedomar og butikkar.

Samla kostnadsoverslag er 9,9 million. Det vart føreset andel frå kommunen på 2,4 mill og frå fylkeskommunen på 2,4 mill. Det øvrige skulle Lefdal/Brunsvik gå inn med.

Prosjektet er ein del av sentrumsplanen i Måløy og går på ei oppgradering/tettstadutforming av sentrum. Kopi av søknaden ligg ved.

Fylkeskommunen avkorta sitt tilskot til 1,7 mill og dette må dekkast opp i finansieringsplanen som del av denne saka. Kommunen føreset, og det er også innarbeidd i vedlagde intensjonsavtale at dei 2 butikkeigarane dekker opp dette. Deira samla bidrag blir då 5,8 mill.

Tilhøvet mellom dei 2 bedriftene og kommunen er regulert i framforhandla intensjonsavtale som ligg ved. Det ligg også ved ei skisse som syner arealet/aksen som kommunen overtek eigedomsretten til, markert med raudt. Det er lagt opp til at det blir eit brukarutval som styrer bruken av den nybygde delen.

Det vert i denne omgong lagt fram ein intensjonsavtale som seinare må erstattast av ein utbyggingsavtale. I butikkane sitt førebunde arbeid med prosjektet har det kome opp uvisse kring ma brannkrav som kan påverke kostnadane i ein slik grad at det ikkje let seg realisere.

## **Vurdering / konsekvensar**

Prosjektet er eit resultat av arbeidet med Sentrumsplanen for Måløy og tanken om å opne deler av Sjøgata som til no har vore stengt. Planane inneber ei overbygd handlegate slik vedlagt prosjektplan viser. Dette vil legge betre til rette for gåande sin ferdsel nord/syd, gje eit betre tilrettelagt handelstilbod i sentrum der folk i større grad kan opphalde seg under tak. Det vil også vere lagt til rette for å kunne avvikle sentrumsarrangement innandørs.

Ein sideeffekt er at prosjektet gjer realisering av deler av hovudplan for vatn og avlaup i sentrumsområdet. Ma får ein fjerna eit ureinsa utløp i sjø i området. Dette er innarbeidd i budsjettet som eige prosjekt under VA..

Prosjektet kompletterer investeringar som alt er gjort i området i høve gjestehamna og bubilparkering. Det opnar også opp eit område som sårt treng eit løft i Måløy og vil gje grunnlag for ein oppsving i sentrumsutviklinga.



Kommunen sitt økonomiske bidrag er avgrensa til dei 2,4 mill som vert lånefinansiert og 350.000 som vert finansiert gjennom VA-tiltak i budsjettet.

Dersom utbyggerane i det vidare finn at dei ikkje kan realisere prosjektet, vil det gå ny melding til Fylkeskommunen om at kommunen ikkje tek i mot tilskotet. Konsekvensen blir då også at kommunen sitt bidrag ikkje blir noko av.

Det vert foreslått at formannskapet får fullmakt til å godkjenne ein utbyggingsavtale basert på intensjonsavtalen når realisering av prosjektet er avklart frå butikkeigarane si side.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
144269	Tilskotsbrev - Svar - fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune om overdekket møteplass og handlegate i Måløy
135666	Søknad Tettstadforming 2014, Overdekket møteplass og handlegate i Måløy
144268	Følgeskriv
154917	Seksjonering Brunsvik Lefdal kartsisse.pdf
154436	Intensjonsavtale mellom Brunsvik/Lefdal og Vågsøy kommune om overbygd handlegate i Måløy.

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	24.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	RF13.50 - Automatisk kvittering på innsendt søknad 2014-0116
6	I	27.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Stadfesting på motteken søknad - Tettstadforming 2014
4	I	27.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Stadfesting på motteken søknad - Tettstadforming 2014
5	U	28.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad Tettstadforming 2014, Overdekket møteplass og handlegate i Måløy
7	I	23.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Tilskotsbrev - Svar - fra Sogn og Fjordane Fylkeskommune om overdekket møteplass og handlegate i Måløy
8	U	10.07.2014	Per Arne Lefdal; Arve Nygård	Søknad Tettstadforming 2014, Overdekt møteplass og handlegate i Måløy
9	U	17.09.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad Tettstadforming 2014, Overdekket møteplass og handlegate i Måløy
11	I	18.09.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Svar - Søknad Tettstadforming 2014, Overdekket møteplass og handlegate i Måløy
10	U	18.09.2014	Per Arne Lefdal	Søknad Tettstadforming 2014, Overdekket møteplass og handlegate i Måløy



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	11.12.2014	116/14
Kommunestyre	11.12.2014	074/14

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/1338	<b>Saksansvarleg:</b> Odd Gunnar Myhre
---	--------------------------------	---

## Investeringstilskot Fiskerihistorisk kunnskapssenter

### Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune er positive til planen om å etablere eit fiskerihistorisk kunnskapssenter i Måløy men kan på noverande tidspunkt ikkje finne rom for å løyve midlar til prosjektet.

Kommunen vil bidra i arbeidet slik at det aktuelle tiltaket finn ei løysing innafor museumsstrukturen og for at fylkeskommunen og stiftinga Musea i Sogn og Fjordane tek ansvar for prosjektet.

### 11.12.2014 Formannskap

#### Møtebehandling:

Ordfører Morten A. Hagen og rådmann Knut Ove Leite orienterte.  
Sak om Måløyraidsenteret vil komme opp til behandling over nyttår.

SP v/repr. Asgeir Solheim fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:

1. «Vågsøy kommune er positive til planen om å etablere eit fiskehistorisk kunnskapssenter i Måløy.
2. Kommunen skal bidra aktivt slik at det aktuelle tiltaket finn ei løysing innafor museumsstrukturen og for at fylkeskommunen og stiftinga Musea i Sogn og Fjordane tek ansvar for prosjektet.
3. Rådmannen får i oppdrag å utrede ei samlokalisering med kulturskule og bibliotek i den gamle Emy-Fish buda. Utredninga skal inneholde vurdering om kjøp eller leie (evnt. ein kombinasjon) av nødvendig areal til kulturskule og bibliotek. Kostnad med nødvendig opprusting/investeringer skal inngå i utredninga».

### Votering

Rådmannens innstilling ble votert alternativt over endringsforslaget fra repr. Solheim.  
Endringsforslaget ble vedtatt mot 1 stemme.

F-116/14

**Vedtak:**

1. Vågsøy kommune er positive til planen om å etablere eit fiskehistorisk kunnskapssenter i Måløy.
2. Kommunen skal bidra aktivt slik at det aktuelle tiltaket finn ei løysing innafor museumsstrukturen og for at fylkeskommunen og stiftinga Musea i Sogn og Fjordane tek ansvar for prosjektet.
3. Rådmannen får i oppdrag å utrede ei samlokalisering med kulturskule og bibliotek i den gamle Emy-Fish buda. Utredninga skal inneholde vurdering om kjøp eller leie (evnt. ein kombinasjon) av nødvendig areal til kulturskule og bibliotek. Kostnad med nødvendig opprusting/investeringar skal inngå i utredninga.

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Økonomiplanen 2014 - 2017

## **Bakgrunn for saka**

Fiskerimuseet i Måløy har planer om å etablere eit fiskerihistorisk kunnskapssenter i Måløy og søker Vågsøy kommune om eit investeringstilskot på 2 millionar kroner over 2 år.

## **Saksopplysningar / fakta**

På byrjinga på 90-talet vart det teke initiativ til å få etablert eit fiskerimuseum i Måløy. Gjenstandar vart samla inn og ein opna museet i 1992. Museet var bare opent ei kort periode mellom 1992 og 1994. Grunnen til at det vart lagt ned var at initiativtakarane mista lokale der dei hadde etablert seg. Mange av gjenstandane som var samla inn til museet vart då gitt tilbake til eigarane. Ein del vart sett vekk på ulike lager rundt om i kommunen, dessverre vart ein del lagra i ueigna lokale. Ein del av dette materialet har fått store skader og ein del har gått tapt.

I august 2012 var det igjen eit privat initiativ til å få etablert eit fiskerimuseum i Måløy. Lokalet på lekteren vart sett i stand på dugnad og det vart gjort eit stort arbeid med å finne att gjenstandar frå det gamle museet og samle inn nye gjenstandar. Lokale har heile tida vore ment som eit midlertidig lokale. Museet har stort sett vore opent på laurdagar i sommarhalvåret og ved avtale. Det er frivillige som held det opent på dugnad.

Fiskerimuseet i Måløy ynskjer no å etablere eit fiskerihistorisk kunnskapssenter i den gamle Emy-Fish buda og er i ein prosess for å sjå om det er mogleg å samle inn nok mildar til å kjøpe bygget.

Dei ser føre seg at det vert lagt til rette for at andre funksjonar også slik som bibliotek, kulturskule og anna næringsaktivitet. Totalt er bygget på om lag 9000 kvadratmeter. VAKN- Vårt Akademi for kultur og næring, har vore med å laga eit forprosjekt for senteret. Dette forprosjektet ligg ved saman med søknaden. Tankane bak senteret er godt skildra i vedlegga. I følgje forprosjektet har senteret eit arealbehov på nær 4.000 kvadratmeter. Det betyr at det er om lag 5.000 kvadratmeter disponibelt til andre formål.

For å realisere dette prosjektet har dei no teke kontakt med kommunen og søkt om eit investeringstilskot på 2 million kroner over 2 år. Det er ikkje søkt om driftsmidlar, men støtte til investeringar. I søknaden vert det opplyst om at dei har fått skriftlege tilsegn på meir enn 1.000.000 kroner frå private aktørar.

Kommunen må dekke eit eventuelt tilskot over drifta og kan difor ikkje lånefinansiere tiltaket.

**Prosjektet har i følge søknaden eit investeringsbehov på 22 millionar kroner i perioden 2014 – 2019:**

Kjøp av anlegg	kr:	7.000.000
Startinvesteringar	kr:	6.000.000
Opprusting/investering, femårsperiode	kr:	9.000.000
<b>Totalt</b>	<b>kr:</b>	<b>22.000.000</b>

**I søknaden er det sett opp ei slik plan for finansiering:**

Kommunalt investeringstilskot	kr:	2.000.000
Privat støtte	kr:	8.000.000
Låneopptak	kr:	10.000.000
Dugnad	kr:	2.000.000
<b>Totalt</b>	<b>kr:</b>	<b>22.000.000</b>

Lånet skal mellom anna finansierast gjennom leigeinntekter. I søknaden er det vist til at kommunen kan vere ein potensiell leigetakar. Kulturskule og bibliotek er nemnt som funksjonar som kan få plass i bygget. Kulturskulen og biblioteket treng nye lokale. Det vert no arbeid for at kulturskulen skal lokaliserast saman med Vågsøy ungdomskule for å utnytte spesialrom som til dømes musikkrom og formingsavdeling. Biblioteket har i dag lokale i eit kommunalt bygg der vi ikkje har utgifter til leige. Det vert arbeid med å finne lokale i eigne bygg frå 2015.

**Det er og sett opp eit driftsbudsjett for senteret:**

**Utgifter:**

Personell	kr:	1.750.000
Vedlikehald	kr:	400.000
Forsikring	kr	100.000
Straum	kr	100.000
Diverse	kr	50.000
<b>Totalt</b>	<b>kr</b>	<b>2.400.000</b>

**Inntekter**

Arrangement	kr	500.000
Utleige	kr	500.000
Diverse	kr	50.000
Sponsorinntekter	kr	200.000
Billettinntekter	kr	300.000
Kafé/ kiosk/ suvenir	kr	400.000
Frivillig arbeid	kr	500.000
<b>Totalt</b>	<b>kr</b>	<b>2.450.000</b>

Musea i Sogn og Fjordane som er det konsoliderte museet for Sogn og Fjordane mottok kvart år støtte frå Vågsøy kommune. For tida ligg denne på om lag 160.000 kroner. Musea i Sogn og Fjordane har fått ei stor utfordring i forhold til drift no når fylkeskommunen kuttar i sine tilskot. Det vert og ein prosess i 2015 i forhold til kor mykje tilskot kommunane kjem til å bidra med. Avtalen mellom musea og kommunane i Nordfjord skal reforhandlast neste år.

Fiskerimuseet i Måløy har fått avslag på ein søknad om økonomisk støtte på 5.000.000 kroner som vart sendt til næringsavdelinga hos Fylkeskommunen. Bakgrunnen for avslaget er at søknaden er utanfor næringsavdelinga sitt ansvarsområde og at bygget delvis er tenkt til å romme kommunale oppgåver.

## **Vurdering / konsekvensar**

Det er veldig positivt at det er eit privat initiativ til å få på plass eit slikt senter. Kystkulturen og fiskerihistorie er ein viktig del av vår identitet, noko eit slikt senter kan bidra til å ta vare på. Dersom ein får på plass eit slikt senter vil det og vere med på å løfte området i den sørlege delen av sentrum som i dag er prega av dårleg vedlikehald.

Det kjem ikkje fram av søknaden eller forprosjektet om dei ynskjer å bli ein del av stiftinga Musea i Sogn og Fjordane eller dei ynskjer å vere eit sjølvstendig museum.

Vågsøy kommune er dessverre i ein økonomisk situasjon som gjer at det er utfordrande å gje tilskot til slike tiltak. Vågsøy kommune står framfor store økonomiske utfordringar både på drift og investering. Kommunen må dekke dette over drifta og kan difor ikkje lånefinansiere tiltaket.

Det aktuelle tiltaket må finne ei løysing innafor museumsstrukturen og kommunen må saman med Fiskerimuset i Måløy arbeide for at fylkeskommunen og stiftinga Musea i Sogn og Fjordane tek ansvar for prosjektet.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
151624	Søknad om investeringstilskot til fiskerihistorisk kunnskapssenter.pdf
151625	Endeleg forprosjektrapport fiskerimuseet.pdf

### **Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
1	I	29.10.2014	Magni Hjertenes Flyum	Søknad om investeringstilskot til fiskerihistorisk kunnskapssenter

